

Preses Olav Fykse Tveit

20.oktober 2024

Vigslingstale til

Cand. theol Sindre Gelius Eikje

Forsoningas teneste.

Dette er ein spesiell dag for deg Sindre, og det er det for kyrkja vår. Du - ja til kallet til å vere prest i Den norske kyrkja, og kyrkja stadfestar dette. Det er eit nytt kapittel i ditt liv. Men det er også eit nytt avsnitt i den store samanhengen i det som apostelen Paulus kallar «forsoningas teneste» som tek til.

Dette er kyrkjas felles oppgåve. Det ser ikkje alltid slik ut, det må vi innrømme.

Det som skjer i gudstenesta vår i dag, er ei påminning om at alle døypte er kalla til å kjenne Jesus og følge han. Dei som hører Kristus til, er også kalte til å følge han og hans gode eksempel for vårt liv.

Vi vert sett inn i ein samanheng der livet har både jording og himmel over seg. Fred er det vi ber i om i vårt Fadervår «Lat riket ditt koma, lat viljen din skje på jorda slik som i himmelen!»

Fred er teikn på Gudsrikets nærvær mellom oss i denne verda. Gud har forsona seg med denne verda og vil forsone seg med oss. Eller med andre ord: Gud vil oss vel. Vi alle skal kunne ha Gud til vår ven, som det heiter i kristenretten vi feirar i år.

For at vi skal kome til denne tru, er det innstifta ei spesiell teneste i kyrkja å forkynne dette. Det er den tenesta du seier ja til i dag.

Som prestar skal vi først og fremst bruke våre ord og krefter til å formidle det.

Det er for at vi alle - vanlege menneske - kan bruke våre dagar og våre krefter på at Guds rikets krefter skal råde i denne verda. Vi skal sleppe å bruke våre krefter på å bli forsona med Gud, og at vi skal vere bra nok for Gud at Gud kan elske oss og bruke oss.

Nokon vert kalla og utrusta til å stå i forsoningas teneste med å vere prestar i kyrkja vår. Det er for at vi skal kunne kome til tru på evangeliet om Jesus, hans liv og lære, og kva hans død og oppstode inneber for oss menneske og for verda.

Du skal som prest først og fremst gje menneske evangeliet om Jesus. Tydeleg. Klart. Reint. Frigjerande. Oppmuntrande. Frelsande.

Det evangeliet er frigjerande for oss menneske. Det er viktig å ta det til seg. Det set oss fri til å så leve i fred og forsoning med kvarandre, med skaparverket, med oss sjølve.

Det vert spesielt aktuelt når du Sindre gjer presteteneste for dei som har sine oppgåver i Forsvaret av landet vårt. Vi har eit forsvar for å kunne leve i fred. Og for at andre skal kunne leve i fred.

Arbeidet for fred som fridom og rettferd er kostar både ressursar og menneskeleg vilje og evne til å yte mykje. Det er krevjande oppgåver i ei tid der vi ser at krig ikkje berre er eit ord frå fortida.

Det er bruk for nokon å snakke med, nokon å formidle fredens verdiar som grunnleggjande for vårt samfunn, og nokon til å gje både jording og ein himmel over livet.

Dette er du godt kjent med, Sindre. I dag går du inn i rekka av dei som gjer teneste som prest med oppdrag for og i Den norske kyrkja. Vi ønskjer deg hjartelig velkommen, med alle dine gåver og erfaringar. Du er velkommen med dine sterke krefter. Du har vore norgesmeister i høgdehopp, så du veit kvifor det er viktig å bruke kreftene lurt med god teknikk. Du er velkommen med din medmenneskelege omsorg og din klokskap og kunnskap. Du er velkommen med dine dagar – og stundom netter – i denne tenesta.

Du har gått ein annan veg enn andre hit du er i dag. Du har funne din veg i å følge Kristus også i andre samanhengar, særleg innan Pinsebevegelsen i Norge. I dag er du komen hit. Vi takkar Gud for den tenesta du har hatt i den samanhengen. Det er den same Kristus som no også kallar deg til presteteneste i vår kyrkje. Det er den samme Kristus som kallar deg til forsoningas teneste. Her kan du vere med å byggje bruver inn til menneske som har erfaringar som liknar dine, eller som har heilt andre erfaringar. Du veit noko om både det som er ulikt og det samlar oss i vår tru på Jesus Kristus i dag. Forsoningas teneste må utøvast i mange relasjonar – med tolmod og med mot.

For nokre år sidan skulle eg vere med på å utforme eit tema for ei samling for kyrkjer frå heile verda. Vi endte med «Christ's love moves the world towards reconciliation and unity». Det er essensen i kyrkjas oppgåve, og i det eg oppfatta som mitt og vårt prestekall.

Nokon var kritiske, og sa at det er ikkje muleg å seie slikt. For verda ser ikkje slik ut, den verkelege verda. Ja, det er dessverre riktig at verda er ikkje ei verd i forsoning og fred. Det veit du også mykje om i din samanheng, Sindre. Men nettopp difor trengst det slike uttrykk. Fordi verda er som ho er, ei splitta, uforsona verd, med store skiljer og konfliktar der menneske vert skadd og døyr, der

også håpet for mange døyr. Nettopp difor trengst det også at kyrkja trur at det er ein vilje, ei kraft til forsoning og fred som er større enn oss. Og som kan verke mellom oss, og i oss.

Den heiter Kristi kjærleik. Du kjenner den. Du skal halde fram med å formidle den.

Ikkje naivt, banalt eller livsfjernt. Men som eit alternativt bodskap i den du er. Som ei t bodskap som er realistisk. Alt kan ikkje bli som før. Men det er vegar framover, mot noko anna og noko meir enn det viser.

For Kristi kjærleik tvingar oss.

Lukke til i forsoningas teneste, Sindre!